

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 11.12.2008 **Tid:** 09.00-15.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. 1 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Økonomisjef Nina Erdal, Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge. Ped. konsulent Karin H. Steinsland møtte under handsaming av sak 38.

Merknader: Sigmund Dyrhovden gjekk i frå møtet etter handsaminga av sak 38/08. Sven Tore Kulleseid kom inn som varamedlem frå og med sak 39/08.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13. desember 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Bright Olav Gåsdaal, Jon Magne Bogevik og Marit Aase vart valde til å skriva under protokollen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:Organisasjonsgjennomgang – fokus på skuleområdet

Ordføraren orienterte om at det ligg no ca 210 underskrifter frå foreldra til sak 38/08.

Breiband – på Høysæter og Tveit

Medlem i ad.hoc-utvalet Inge Aasgaard orienterte om status for breibandutbygginga.

Kvamnett avsluttar i dag arbeidet med breiband på Høysæter. Kvamnett har no forslag om breibandløysing til Tveit og Langeland. Dette er kostnadsrekna til same pris, kr. 100.000,-, men i tillegg kjem kostnad med graving av grøft. Den løysinga som no er vald er ei anna enn opprinneleg tenkt, då det viste seg umogleg å koma fram med første alternativ. Meirkostnaden er ikkje avklara. Grunnen til at Tveit først no er kome med, har samanheng med at det har vore uavklara interesse for kven som ønskjer breiband. Det har no meldt seg om lag 20 interessentar. Tveit var ikkje med i tidlegare søknad til Høycom. Tveit vert no søkt om som eige prosjekt i 2009. Det er og sett av midlar frå kommunen på budsjettet for 2009.

Kontrollutvalet

Melding v/medlem i kontrollutvalet – Jens Harald Abotnes orienterte frå handsaminga i kontrollutvalet. Utvalet har fått gjennomført ein forvaltningskontroll knytt til pengeplassering. Rapporten har vist til at det er brot på finansreglementet. Kommunestyret vil få seg førelagd eiga sak om dette i eit seinare møte.

Planlegging av miljøgateprosjektet på Ytre Tysse.

Planleggingsprosjektet er no avslutta, og Statens vegvesen har i brev orientert om at dei ikkje vil stenge vegen i ein evt. byggjefase. Det vil verte ekstramøte i kommunestyret i slutten av januar vedk. framdrifta og tiltaka som bør prioriterast.

Kompetansesenter for Småkraft

Ordføraren orienterte om tilskot på kr. 500.000 frå strategi- og næringsavd. i fylkeskommunen for 2009 med høve for forlenging med to år til. Samnanger har fått støtte også frå BKK, Hardangerrådet og andre. Til saman har kommunen ca1 million till prosjektet som no vert starta opp.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit etterlyste utskrift av møteprotokollane frå kontrollutvalet. Kommunestyret fekk tidleg i perioden møteboka, men i det siste har dei ikkje vore sendt ut. Ordføraren orienterte om at det nok var ei forgløyning og ho skulle ta det opp med sekretæren for kontrollutvalet slik at kommunestyret får utskriftene.

Jon Magne Bøgevik som er kommunen sin representant i bedriftsforsamlinga i BIR ba om evt. innspel i høve til diskusjonen om selskapet si framtid, m.a. etter innspel og uttalar frå Bergen kommune. Han viste til at det har vore ein diskusjon om sal av aksjane i BIR; korleis stiller Samnanger kommune seg i denne diskusjonen.

Ordføraren orienterte om at styret i BIR der ho er nestleiar har sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærare på dei spørsmåla Bergen kommune reiste våren 2008. Konklusjonen er at omegnskommunane ikkje ønskjer endringar i BIR, noko som og er meddelt Bergen. Ordføraren viste og til informasjon frå byråd Lisbeth Iversen som har avkrefta at Bergen kommune vil selja seg ut av BIR.

Bøgevik etterspurte også budsjettkontroll til kommunestyret.

Adminisstrasjonssjefen viste til orientering i førre møtet. Det er ikkje noko endring i høve til denne rapporten på ordinær drift. Ut frå situasjonen er det særleg skatteinngangen som har vore fylgd nøye med på. Økonomisjefen orienterte om at inngangen ser ut til å verta betre enn tidlegare rapportert. Pr. d.d. er avviket ca 1 mill. kroner når me ser på skatt og rammetilskot samla. Me avventar fortsatt melding om marginoppgjer og fordelingstal etterskotspliktige. Marginoppgjeret ser ut til å gje oss betre skatteinntekter enn føresett. Me har ikkje informasjon om fordelingstalet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0034/08	08/00502 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2009.
0035/08	08/00486 FASTSETJING AV RENOVASJONSAVGIFT BIR, NY PRISMODELL.
0036/08	08/00498 FESTEAVGIFT 2009.
0037/08	08/00510 REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2009
0038/08	08/00488 ORGANISASJONSGJENNOMGANG 2008 - FOKUS PÅ SKULEOMRÅDE.
0039/08	08/00257 BUDSJETT 2009.
0040/08	08/00504 ØKONOMIPLAN 2009 - 2012
0041/08	08/00485 ROLVSVÅG INDUSTRIKAI - GODKJENNING AV AVTALE.
0042/08	08/00524 GODKJENNING AV REGIONRÅDET SOM § 27 ORGAN
0043/08	08/00457 SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING I BJØRNEFJORDSREGIONEN
0044/08	08/00260 PRESTEBUSTADEN PÅ HAGA - ETABLERING AV BYGGJEKOMITÈ

0034/08

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2009.**Framlegg til vedtak::**

###

Kommunale avgifter og gebyr 2009

Satsane vert i hovudsak auka med 5%. For feiing, byggjesakshandsaming, oppmåling og delingssaker vert auken på 10%.

Billett basseng: Vaksne kr. 35 ,- (auke på kr. 5.)

Barn kr. 20,- (uendra)

Administrasjonen skal innan utgangen av første kvartal fremja sak om nytt og endra regulativ for byggje-, delings- og oppmålingssaker.

Handsaming i møte:

Administrasjonen har sett nærare på gebyret på avløp i lys av at det står relativt mykje midlar på fond. Ut frå dette rår administrasjonssjefen til at avgiftene/gebyr avlaup vert dei same i 2009 som i 2008. Skriv om dette vart delt ut i møtet.

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg: "Avgifter/gebyr for avlaup vert dei same i 2009 som 2008."

Det vart røysta over framlegg til vedtak inkl. tilleggsframlegget frå Gåsdal. Framlegga vart samrøystes vedteke..

Vedtak:Kommunale avgifter og gebyr 2009

Satsane vert auka med om lag 5%. For feiing, byggjesakshandsaming, oppmåling og delingssaker vert auken på 10%.

Avgifter/gebyr for avlaup vert dei same i 2009 som 2008.

Billett basseng: Vaksne kr. 35 ,- (auke på kr. 5.)

Barn kr. 20,- (uendra)

Administrasjonen skal innan utgangen av første kvartal fremja sak om nytt og endra regulativ for byggje-, delings- og oppmålingssaker.

0035/08

FASTSETJING AV RENOVASJONSAVGIFT BIR, NY PRISMODELL.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune sluttar seg til den vedlagte prismodellen for utrekning av renovasjonsgebyr. Modellen vert teken i bruk for gebyrberekning i Samnanger kommune frå 1.1.2009 .

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2009 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2009 .

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhører Samnanger kommune.

Gebyret for renovasjon vert sett til kr 1453 inkl. 12 tømningar, + eit tillegg på kr 25 pr restavfallstømming utover dette. Alle prisar er eks. mva.(som kjem i tillegg med 25%).

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til den vedlagte prismodellen for utrekning av renovasjonsgebyr. Modellen vert teken i bruk for gebyrberekning i Samnanger kommune frå 1.1.2009 .

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2009 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2009 .

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhører Samnanger kommune.

Gebyret for renovasjon vert sett til kr 1453 inkl. 12 tømningar, + eit tillegg på kr 25 pr restavfallstømming utover dette. Alle prisar er eks. mva.(som kjem i tillegg med 25%).

0036/08

FESTEAVGIFT 2009.

Framlegg til vedtak::

Festeavgifta i Samnanger kommune vert for 2009 fastsett til kr 150 pr. år for vanlege graver og kr 85 for barnegraver i barnegravfeltet.

Betalingsperiodane for festeavgifta vert redusert frå 10 til 5 år.

Handsaming i møte:

Ordføraren orienterte om at det i saksutgeinga skal stå administrasjonssjefen og ikkje administrasjonsutvalet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Festeavgifta i Samnanger kommune vert for 2009 fastsett til kr 150 pr. år for vanlege graver og kr 85 for barnegraver i barnegravfeltet.

Betalingsperiodane for festeavgifta vert redusert frå 10 til 5 år.

0037/08

REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2009

Framlegg til vedtak::

Husleigene i dei kommunale bygga vert auka med ca 5 % frå 01.07.2009. Jmf. liste dagsett 10.11.2008.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Husleigene i dei kommunale bygga vert auka med ca 5 % frå 01.07.2009. Jmf. liste dagsett 10.11.2008.

0038/08

ORGANISASJONSGJENNOMGANG 2008 - FOKUS PÅ SKULEOMRÅDE.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune har som intensjon å endra skulestrukturen for å få ein framtidretta skule tilpassa kommunen sine økonomiske rammer. Ulike alternative modellar der ein samlar klassetrinna skal vurderast.

Fram til kommunestyret i juni 2009 skal det gjennomførast ein omfattande prosess der elevar, foreldre og tilsette saman med skuleeigar deltek i arbeidet med ein ny skulebruksplan.

Organisering av dette arbeidet inkl. framdriftsplan vert handsama som eige sak i personal- og økonomiutvalet - PØ. Kommunestyret skal ha fortløpande rapport om prosessen.

Den økonomiske ramma for skulane for 2009 slik den ligg i personal- og økonomiutvalet sitt framlegg står fast. Det inneber m.a. at

- Samnanger ungdomsskule vert 5 –delt gjeldande frå 01.01.2009
- Delingstimane må reduserast totalt sett
- Nordbygda skule vert 5-delt skuleåret 2009/2010

Handsaming i møte:

Kommunestyret har motteke underskrifter frå foreldra, jfr skriv og melding.

Sture Tveit (H) sette fram følgjande framlegg:

” Samnanger kommune har som intensjon å få ein framtidretta skule tilpassa kommunen sine økonomiske rammer. Ulike alternative modellar skal vurderast.

Fram til kommunestyret i juni 2009 skal det gjennomførast ein omfattande prosess der elevar, foreldre og tilsette saman med skuleeigar deltek i arbeidet med ein skulebruksplan.

Kommunestyret skal ha fortløpande rapport om prosessen.”

Sigmund Dyrhovden (Krf) bad om gruppemøte etter siste debattant.

Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett etter ti minutt gruppemøte.

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå Administrasjonsutvalet og Tveit sitt framlegg. Framlegget til Tveit fekk 6 røyster og fall. Adm.utvalet si tilråding vart vedteke med 15 røyster.

Vedtak:

Samnanger kommune har som intensjon å endra skulestrukturen for å få ein framtidsretta skule tilpassa kommunen sine økonomiske rammer. Ulike alternative modellar der ein samlar klassetrinna skal vurderast.

Fram til kommunestyret i juni 2009 skal det gjennomførast ein omfattande prosess der elevar, foreldre og tilsette saman med skuleeigar deltek i arbeidet med ein ny skulebruksplan.

Organisering av dette arbeidet inkl. framdriftsplan vert handsama som eige sak i personal- og økonomiutvalet - PØ. Kommunestyret skal ha fortløpande rapport om prosessen.

Den økonomiske ramma for skulane for 2009 slik den ligg i personal- og økonomiutvalet sitt framlegg står fast. Det inneber m.a. at

- Samnanger ungdomsskule vert 5 –delt gjeldande frå 01.01.2009
- Delingstimane må reduserast totalt sett
- Nordbygda skule vert 5-delt skuleåret 2009/2010

0039/08

BUDSJETT 2009.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommunestyre vedtek administrasjonssjefen sitt framlegg til drift og investeringsbudsjett for 2009 slik det ligg føre med følgjande endringar:

Driftsbudsjettet 2009:

- Skatteinntekter knt. 1.9000.8700.8740 vert auka med kr. 868.000.
- Skule – forventa innsparing 2009 vert sett til 1.3 mill. knt 1.1200.1800.4903 ein reduksjon på kr. 500.000
- Tilskot kyrkja (jmf. vedtak om festeavgift) knt.1.1500.1300.3900 auka med kr. 15.000
- Vedlikehald –teknisk knt.1.1602.2610.2300 auka med kr. 100.000
- Kulturplantiltak knt.1.1500.3850.4701 sett opp med kr. 103.000
- Konsulent ekstrahjelp prosjekt knt. 1.1100.1200.0300 sett opp med kr 75.000
- Avsett tilleggsøyving knt. 1.1200.1800.4900 auka med kr. 75.000
- Fritids-/aktiviseringstilbod for funksjonshemma vert sett opp med kr. 75.000. Summen vert dekkja ved bruk av tilleggsøyvingar.
- Det skal ikkje gjennomførast taksering av eigedomane i Samnanger som grunnlag i innføring av eigedomsskatt. Avsett sum til føremålet kr 700.000 vert ståande på likviditetsreserven.

Investeringsbudsjettet 2009:

Rehabilitering Kyrkja – bruk av rentefrie ”kyrkjelån”;

- Isolering kr. 300.000 (lån)
 - Maling kr. 500.000 (næringsfond)
 - Varmepumpe mm kr. 230.000 (lån)
 - Vedlikehald kr. 200.000 (likviditetsreserven)
- Tot. kr 1.230.000

Rehabilitering Skulane – bruk av rentefrie ”skulelån”;

- Maling Gjerde kr. 500.000 (drift)
 - Toalett Nordbygda kr. 250.000 (lån)
 - Gang Nordbygda kr. 100.000 (likviditetsreserven)
 - Gymsal Gjerde kr. 50.000 (likviditetsreserven)
- Tot. kr 900.000

Andre tiltak;

- Ny finansiering Reiskapshus – kyrkja. Kr 500.000 vert flytta frå næringsfondet til lån
- Planlegging/prosjektering øvre del i industriområdet Rolvsvåg kr. 500.000. Ressurs til å føreta kartleggingar område for sal (kommunale eigedommar) kr. 500.000. Finansierte med sal av kommunale eigedommar.
- Plan marknadsføring kr. 250.000. Finansierte ved bruk av næringsfond.

Handsaming i møte:

Laila Midtun (Bgl) sette fram følgjande framlegg: ”Kontrollutvalet vert tildelt midlar i henhold til eige budsjett kr. 180.000 (særutskrift sak 19/08).

Adm.sjefen sitt forslag til budsjett inneheld kr. 140.000 til kontrollutvalet. Resterande kr. 40.000 vert tatt frå knt. 1.110.1200.0300 (konsulent ekstrahjelp prosjekt).”

Jens Harald Abotnes (Krf) sette fram følgjande framlegg: ”Kommunestyret ber Kontrollutvalet avklare med overordna juridisk mynde §§18 og 20 i forskrift 2004-06-15 nr. 905: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Pkt.1 i høve til § 18 om Budsjetthandsaming.

Pkt. 2 i høve til § 20 Sekretariat, m.a. i høve til instruksjons- el avgjerdsmynde og rapportera attende til kommunestyret om resultatet med tanke på å sikra korrekt sakshandsaming i høve til aktuell forskrift.”

Kristian Jørgensen (Krf) sette fram følgjande framlegg: ”Det blir innført generell eigedomsskatt i Samnanger kommune frå år 2010. Taksering og tilrettelegging av eigedomskatten blir gjennomført i 2009. Midlar til nemnde føremål kr. 700.000 blir teken frå likviditetsreserven.”

Det vart først røysta over Jørgensen sitt framlegg, som fekk 2 røyster og fall.

Det vart deretter røysta over Midtun sitt framlegg, som fekk 13 røyster og vedteke.

Deretter vart det røysta over Abotnes sitt framlegg, som vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over heile budsjettet for 2009 og dei vedtekne framlegga, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek administrasjonssjefen sitt framlegg til drift og investeringsbudsjett for 2009 slik det ligg føre med følgjande endringar:

Driftsbudsjettet 2009:

- Skatteinntekter knt. 1.9000.8700.8740 vert auka med kr. 868.000.
- Skule – forventa innsparing 2009 vert sett til 1.3 mill. knt 1.1200.1800.4903 ein reduksjon på kr. 500.000
- Tilskot kyrkja (jmf. vedtak om festeavgift) knt.1.1500.1300.3900 auka med kr. 15.000
- Vedlikehald –teknisk knt.1.1602.2610.2300 auka med kr. 100.000
- Kulturplantiltak knt.1.1500.3850.4701 sett opp med kr. 103.000
- Konsulent ekstrahjelp prosjekt knt. 1.1100.1200.0300 sett opp med kr 75.000
- Avsett tilleggsøyving knt. 1.1200.1800.4900 auka med kr. 75.000
- Fritids-/aktiviseringstilbod for funksjonshemma vert sett opp med kr. 75.000. Summen vert dekkja ved bruk av tilleggsøyvingar.
- Det skal ikkje gjennomførast taksering av eigedomane i Samnanger som grunnlag i innføring av eigedomsskatt. Avsett sum til føremålet kr 700.000 vert ståande på likviditetsreserven.
- Kontrollutvalet vert tildelt midlar i henhald til eige budsjett kr. 180.000 (særutskrift sak 19/08). Adm.sjefen sitt forslag til budsjett inneheld kr. 140.000 til kontrollutvalet. Resterande kr. 40.000 vert tatt frå knt. 1.110.1200.0300 (konsulent ekstrahjelp prosjekt).
- Kommunestyret ber Kontrollutvalet avklare med overordna juridisk mynde §§18 og 20 i forskrift 2004-06-15 nr. 905: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Pkt.1 i høve til § 18 om Budsjetthandsaming. Pkt. 2 i høve til § 20 Sekretariat, m.a. i høve til instruksjons- el avgjerdsmynde og rapportera attende til kommunestyret om resultatet med tanke på å sikra korrekt sakshandsaming i høve til aktuell forskrift.

Investeringsbudsjettet 2009:

Rehabilitering Kyrkja – bruk av rentefrie ”kyrkjelån”;

- Isolering kr. 300.000 (lån)
- Maling kr. 500.000 (næringsfond)
- Varmepumpe mm kr. 230.000 (lån)
- Vedlikehald kr. 200.000 (likviditetsreserven)
- Tot. kr 1.230.000

Rehabilitering Skulane – bruk av rentefrie ”skulelån”;

- Maling Gjerde kr. 500.000 (drift)
- Toalett Nordbygda kr. 250.000 (lån)
- Gang Nordbygda kr. 100.000 (likviditetsreserven)
- Gymsal Gjerde kr. 50.000 (likviditetsreserven)
- Tot. kr 900.000

Andre tiltak;

- Ny finansiering Reistadhus – kyrkja. Kr 500.000 vert flytta frå næringsfondet til lån
- Planlegging/prosjektering øvre del i industriområdet Rolvsvåg kr. 500.000. Ressurs til å føreta kartleggingar område for sal (kommunale eigedommar) kr. 500.000. Finansierte med sal av kommunale eigedommar.
- Plan marknadsføring kr. 250.000. Finansierte ved bruk av næringsfond.

0040/08
ØKONOMIPLAN 2009 - 2012

Framlegg til vedtak:

###

Personal- og økonomiutvalet ser det som føremålstenleg at ein for framtida handsamar økonomiplan i juni. Dette skal skje f.o.m. 2009.

Fylgjande økonomiplan vert gjort gjeldande:

	2008	2009	2010	2011	2012
Brukerbetalingar	-5 434 000	-5 922 000	-5 922 000	-5 922 000	-5 922 000
Andre salgs- og leieinntekter	-8 246 900	-9 033 800	-8 983 800	-9 059 436	-9 239 118
Overføringer med krav til motytelse	-11 368 515	-14 390 706	-14 290 706	-14 290 706	-14 290 706
Rammetilskudd	-38 300 000	-39 761 000	-40 161 000	-40 161 000	-40 161 000
Andre statlige overføringer	-3 528 500	-3 664 000	-3 553 000	-3 553 000	-3 553 000
Andre overføringer	-6 480 000	-8 780 000	-9 080 000	-9 080 000	-9 080 000
Skatt på inntekt og formue	-47 160 000	-51 446 000	-51 446 000	-51 446 000	-51 446 000
Eiendomsskatt	-8 552 000	-8 552 000	-9 368 000	-9 368 000	-9 368 000
Andre direkte og indirekte skatter	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000
Sum driftsinntekter (B)	-129 892 915	-142 372 506	-143 627 506	-143 703 142	-143 882 824
Lønnsutgifter	72 020 793	76 876 927	76 811 195	76 811 195	76 811 195
Sosiale utgifter	21 016 547	21 961 761	21 955 341	21 955 341	21 955 341
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm tenesteprod	16 360 184	20 031 127	18 336 627	18 345 627	18 354 627
Kjøp av varer og tenester som erstatter komm tjprod	5 947 400	6 264 935	6 264 935	6 264 935	6 264 935
Overføringer	11 634 925	11 887 260	9 899 725	9 884 725	9 884 725
Avskrivningar	4 997 300	4 824 540	4 824 541	4 824 541	4 824 541
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter (C)	131 977 149	141 846 550	138 092 364	138 086 364	138 095 364
Brutto driftsresultat (D=B-C)	2 084 234	-525 956	-5 535 142	-5 616 778	-5 787 460
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 773 000	-1 863 000	-1 663 000	-1 663 000	-1 663 000
Mottatte avdrag på utlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Sum eksterne finansinntekter (E)	-1 803 000	-1 893 000	-1 693 000	-1 693 000	-1 693 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	4 796 000	4 759 000	4 505 000	4 137 000	3 891 000
Avdragsutgifter	4 848 400	4 224 600	6 245 200	3 957 400	3 970 300
Utlån	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter (F)	9 674 400	9 013 600	10 780 200	8 124 400	7 891 300
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	7 871 400	7 120 600	9 087 200	6 431 400	6 198 300

	2008	2009	2010	2011	2012
Motpost avskrivninger	-4 997 300	-4 996 857	-4 996 857	-4 996 857	-4 996 857
Netto driftsresultat (I)	4 958 334	1 597 787	-1 444 799	-4 182 235	-4 586 017
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-1 710 000	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 285 800	-20 500	0	0	0
Bruk av bundne fond	-974 534	-2 183 787	-1 176 787	-1 101 151	-867 469
Bruk av likviditesreserve	-1 096 000	-350 000	0	0	0
Sum bruk av avsetninger (J)	-7 066 334	-2 554 287	-1 176 787	-1 101 151	-867 469
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	1 200 000	60 000	1 725 086	4 386 886	4 556 986
Avsetninger til bundne fond	908 000	896 500	896 500	896 500	896 500
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetninger (K)	2 108 000	956 500	2 621 586	5 283 386	5 453 486
Regnskapsmessig mer- mindreforbruk	0	0	0	0	0

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Personal- og økonomiutvalet ser det som føremålstenleg at ein for framtida handsamar økonomiplan i juni. Dette skal skje f.o.m. 2009.

Følgjande økonomiplan vert gjort gjeldande:

	2008	2009	2010	2011	2012
Brukerbetalingar	-5 434 000	-5 922 000	-5 922 000	-5 922 000	-5 922 000
Andre salgs- og leieinntekter	-8 246 900	-9 033 800	-8 983 800	-9 059 436	-9 239 118
Overføringer med krav til motytelse	-11 368 515	-14 390 706	-14 290 706	-14 290 706	-14 290 706
Rammetilskudd	-38 300 000	-39 761 000	-40 161 000	-40 161 000	-40 161 000
Andre statlige overføringer	-3 528 500	-3 664 000	-3 553 000	-3 553 000	-3 553 000
Andre overføringer	-6 480 000	-8 780 000	-9 080 000	-9 080 000	-9 080 000
Skatt på inntekt og formue	-47 160 000	-51 446 000	-51 446 000	-51 446 000	-51 446 000
Eiendomsskatt	-8 552 000	-8 552 000	-9 368 000	-9 368 000	-9 368 000
Andre direkte og indirekte skatter	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000
Sum driftsinntekter (B)	-129 892 915	-142 372 506	-143 627 506	-143 703 142	-143 882 824
Lønnsutgifter	72 020 793	76 876 927	76 811 195	76 811 195	76 811 195
Sosiale utgifter	21 016 547	21 961 761	21 955 341	21 955 341	21 955 341

	2008	2009	2010	2011	2012
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	16 360 184	20 031 127	18 336 627	18 345 627	18 354 627
Kjøp av varer og tejenester som erstatter komm tjprod	5 947 400	6 264 935	6 264 935	6 264 935	6 264 935
Overføringer	11 634 925	11 887 260	9 899 725	9 884 725	9 884 725
Avskrivninger	4 997 300	4 824 540	4 824 541	4 824 541	4 824 541
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter (C)	131 977 149	141 846 550	138 092 364	138 086 364	138 095 364
Brutto driftsresultat (D=B-C)	2 084 234	-525 956	-5 535 142	-5 616 778	-5 787 460
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 773 000	-1 863 000	-1 663 000	-1 663 000	-1 663 000
Mottatte avdrag på utlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Sum eksterne finansinntekter (E)	-1 803 000	-1 893 000	-1 693 000	-1 693 000	-1 693 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	4 796 000	4 759 000	4 505 000	4 137 000	3 891 000
Avdragsutgifter	4 848 400	4 224 600	6 245 200	3 957 400	3 970 300
Utlån	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter (F)	9 674 400	9 013 600	10 780 200	8 124 400	7 891 300
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	7 871 400	7 120 600	9 087 200	6 431 400	6 198 300
Motpost avskrivninger	-4 997 300	-4 996 857	-4 996 857	-4 996 857	-4 996 857
Netto driftsresultat (I)	4 958 334	1 597 787	-1 444 799	-4 182 235	-4 586 017
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-1 710 000	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 285 800	-20 500	0	0	0
Bruk av bundne fond	-974 534	-2 183 787	-1 176 787	-1 101 151	-867 469
Bruk av likviditesreserve	-1 096 000	-350 000	0	0	0
Sum bruk av avsetninger (J)	-7 066 334	-2 554 287	-1 176 787	-1 101 151	-867 469
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	1 200 000	60 000	1 725 086	4 386 886	4 556 986
Avsetninger til bundne fond	908 000	896 500	896 500	896 500	896 500
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetninger (K)	2 108 000	956 500	2 621 586	5 283 386	5 453 486
Regnskapsmessig mer- mindreforbruk	0	0	0	0	0

0041/08

ROLVSVÅG INDUSTRIKAI - GODKJENNING AV AVTALE.**Framlegg til vedtak:**

Avtala mellom Samnanger kommune (SK) og Rolvsvåg Industrihavn A/S (RI) (SUS) om leiga av kai med tilhøyrande kaiareal vert godkjent slik den ligg føre med følgjande tillegg:

- Møtereferat dagsett 25. april 2008 om samordning og bruk av Rolvsvåg Industrikai skal vera eit vedlegg til avtala.
- Plan for gjennomføring av tiltak i pkt. 3.2 i avtala vert utarbeidd av SK og må akseptast av RI før utgangen av mars – 09.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ” Til pkt 5 i avtaleutkastet: Prisliste for bruk av kaien skal lagast og vera mest mogleg i samsvar med dei satsar som Bergen og omland Havnevesen nyttar.”

Jon Magne Bøgevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune godkjenner ikkje avtale mellom Rolvsvåg Industrihavn A/S (RI) (SUS) og Samnanger kommune. Samnanger kommune søkjer om å vera med i ”Bergen og omland Havnevesen”. Dette for å drifte kommunal kai på Våge.”

Sture Tveit (H) sett framlegg om at saka vert utsett.

Det vart røysta over Tveit sitt utsettingsframlegg, som vart vedteke utsett med 18 mot 3 røyster.

Vedtak:

Saka vert utsett.

0042/08

GODKJENNING AV REGIONRÅDET SOM § 27 ORGAN**Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner at Regionrådet Bergensregionen er registrert som eit interkommunalt organ etter kommunelovens § 27. Samnanger kommune godkjenner regionrådet sine vedtekter datert 20. april 2005

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner at Regionrådet Bergensregionen er registrert som eit interkommunalt organ etter kommunelovens § 27. Samnanger kommune godkjenner regionrådet sine vedtekter datert 20. april 2005

0043/08

SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING I BJØRNEFJORDSREGIONEN

Framlegg til vedtak::

Vedtak i kommunestyret sak 43/05 vert oppheva.

Bjørnefjorden NæringsUtvikling held fram som interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Fusa, Os og Samnanger i næringsaker.

Vedtekter dagsett 28.11.2008 vert gjort gjeldande for selskapet.

Fusa kommune og Samnanger kommune tek ansvar for sekretariatet.

Midlane som er igjen i det "gamle" Bjørnefjorden næringsutvikling vert fordelte kommunane i mellom etter den same fordelingsmodellen dei er betalte inn etter. Midlane vil primært vert nytta til utvikling av næringslivet. Det skal stå att kr 100.000 som skal vera til disposisjon til ulike fellesutgifter.

Midlane som er i Regionalt næringsfond skal lysast ut etter dei kriteria som ligg i retningslinjene for fondet.

Handsaming i møte:

Etter innspel frå Hordaland fylkeskommune er det føreteke endringar i pkt. 8 i avtalen.

Reviderte vedtekter dagsett desember 2008 vart delt ut. Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til dei reviderte vedtektene.

Vedtak:

Vedtak i kommunestyret sak 43/05 vert oppheva.

Bjørnefjorden NæringsUtvikling held fram som interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Fusa, Os og Samnanger i næringsaker.

Vedtekter dagsett desember 2008 vert gjort gjeldande for selskapet.

Fusa kommune og Samnanger kommune tek ansvar for sekretariatet.

Midlane som er igjen i det "gamle" Bjørnefjorden næringsutvikling vert fordelte kommunane i mellom etter den same fordelingsmodellen dei er betalte inn etter. Midlane vil primært vert nytta til utvikling av næringslivet. Det skal stå att kr 100.000 som skal vera til disposisjon til ulike fellesutgifter.

Midlane som er i Regionalt næringsfond skal lysast ut etter dei kriteria som ligg i retningslinjene for fondet.

0044/08

PRESTEBUSTADEN PÅ HAGA - ETABLERING AV BYGGJEKOMITE

Framlegg til vedtak::

Desse vert med i byggjekomite:

1. Brigt Olav Gåsdal
2. 1 representant frå kyrkja
3. 1 representant frå teknisk eining

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Desse vert med i byggjekomite:

4. Brigt Olav Gåsdal
5. 1 representant frå kyrkja
6. 1 representant frå teknisk eining